



ÅRSMELDING 2020

ÅRSMELDING Idrottslaget JOTUN

for perioden
1. januar 2020 til 31. desember 2020

PÅ VEG MOT HUNDRE!



Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

www.iljotun.no

Bank
3705 39 43471
Foretaksregisteret
975 702 308



ÅRSMELDING FOR IDROTTLAGET JOTUN

| AVSNITT | Side |
|--|-----------|
| 1. STYRET SI SAMANSETJEING..... | 3 |
| 1.1 STYREMEDLEMAR PERIODE | 3 |
| 1.2 VARAMEDLEMAR TIL STYRET | 3 |
| 2 GRUPPER, UTVAL OG KOMITEAR | 3 |
| 2.1 GRUPPELEIARAR | 3 |
| 2.2 ÆRESTEIKNUTVAL | 3 |
| 2.3 VALT REVISOR | 4 |
| 2.4 VALKOMITE | 4 |
| 3. EKSTENE TILITSVERV | 4 |
| 3.1 ÅRDAL IDRETTSRÅD | 4 |
| 3.2 SOGN OG FJORDANE SYMJEKRINS..... | 4 |
| 3.3 SOGN OG FJORDANE FOTBALLKRINS..... | 4 |
| 3.4 SOGN OG FJORDANE GYMNASTIKK OG TURNKRINS..... | 4 |
| 4. REPRESENTASJON | 4 |
| 4.1 SOGN OG FJORDANE FOTBALLKRINS..... | 4 |
| 4.2 NORGES HANDBALLFORBUND REGION VEST..... | 4 |
| 4.3 SOGN OG FJORDANE SKIKRINS..... | 4 |
| 5 MØTE OG TILSTELLINGAR | 5 |
| 5.1 ÅRSMØTE..... | 5 |
| 5.2 MØTE I ARBEIDSUTVALET OG HOVUDSTYRET..... | 5 |
| 5.3 MØTE I ÆRESTEIKNUTVALET..... | 5 |
| 5.4 MØTE I ANLEGGsutvalet..... | 5 |
| 5.5 MØTE I SPORTSLEG UTVAL..... | 5 |
| 6. SAKER..... | 6 |
| 6.1 BEHANDLA SAKER I ARBEIDSUTVAL OG HOVUDSTYRE | 6 |
| 7. PROSJEKT OG SAKSOMTALE..... | 7 |
| 7.1 Reint Idrettslag | 7 |
| 7.2 Vedlikehold klubbhuset | 7 |
| 7.2 Oppretting Ungdomsråd | 7 |
| 8. ØKONOMI | 8 |
| 8.1 RESULTAT | 8 |
| 8.2 INNTEKTER | 8 |
| 8.3 SPONSORMIDLAR | 8 |
| 9 MEDLEMSTAL | 9 |
| 9.1 MEDLEMSTAL | 9 |
| 9.2 AKTIVITETSTAL..... | 10 |
| 10. KURS..... | 11 |
| 11. SÆRFORBUND | 11 |
| 12. ANLEGG | 12 |
| 12.1 JOTUNHUSET | 12 |
| 12.2 SKISENTERET I FARDALEN | 12 |
| 12.3 KOMMUNALE IDRETTSANLEGG | 12 |
| 13. VIKTIGE ARBEIDSOPPGÅVER I ÅRET SOM KJEM | 13 |
| 14. AKTIVITET I SÆRGRUPPENE | 13 |
| 15. KLUBBHANDBOKA..... | 13 |
| 16. SLUTTORD V/LEIAR..... | 14 |

| | | | |
|--------------------|------------------------|-----------------|---------------------------|
| Postadresse | Besøksadresse | Telefon | Bank |
| IL Jotun | Jotunhuset, Øvre Årdal | | 3705 39 43471 |
| Postboks 65 | E-Post | Telefaks | Foretaksregisteret |
| 6882 Øvre Årdal | post@iljotun.no | | 975 702 308 |



1. Styret si samansetjing

1.1 Styremedlemar Periode

Arbeidsutvalet

- Leiar- Arnt Stølen Moen 2020-2021
- Nestleiar- Kjetil Felde 2019-2020
- Sekretær – Ruth Laberg 2020-2021
- Økonomileiar – Mona Nytun 2020-2021
- Miljø&Trivsel - Mads Gruben Breivik 2019-2020
- Gruppekontakt – Per Arne Elgsaas 2019-2020

Særgrupper

- Fotball – Henrik Rønningen
- Allidrett – Marianne Sundal
- Turn – Stian Bye
- Ski Nordisk/alpint – Børre Øvstetun
- Friidrett – Per Inge Bale
- Styrkeløft – Anne Ølnes Hestetun
- Handball – Gunnar Christian Huse
- Motorsport – Håvard Nilsen
- Svømming – Ingeborg Hjelle
- Innebandy – Fredrik Mathisen
- Seniorgruppa Arne Håkon Laberg
- **1.2 Varamedlemar til styret**
- Varamedlem Tor Erik Sveen 2020-2021
- Varamedlem Steinar Årebru 2019-2020

2. Grupper, utval og komitear

2.1 Gruppeleiarar

- Fotball Henrik Rønningen
- Allidrett Marianne Sundal
- Turn Stian Bye
- Ski Nordisk/alpint Børre Øvstetun
- Friidrett Per Inge Bale
- Styrkeløft Anne Ølnes Hestetun
- Handball Gunnar Christian Huse
- Motorsport Håvard Nilsen
- Svømming Ingeborg Hjelle
- Innebandy Fredrik Mathisen

2.2 Æresteiknutval

Leiar Idrettslaget Jotun

Anne Ølnes Hestetun 2018-2021

Tor Erik Sveen 2016-2020

Siv Bakken 2020-2023

Postadresse

IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse

Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon**Telefaks****Bank**

3705 39 43471
Foretaksregisteret
975 702 308



2.3 Kontrollutvalg

Geir Nordnes 2019-2020

Jan Einan 2020-2021

2.4 Valkomitè

Anne Steinheim 2019-2021

Kjell Nesse 2020-2022

Kurt Jevnaker 2018-2020

3. Eksterne tillitsverv

3.1 Årdal Idrettsråd

- Styremedlem Kjetil Felde
- Leiar Arnt Stølen Moen

3.2 Sogn og Fjordane Symjekerins

- Ingeborg Hjelle er vald som styremedlem i symjekerins Sogn og Fjordane

3.3 Sogn og Fjordane Fotballkrins

- Henrik Rønningen er leiar i seriekomiteen i fotballkrins.
- Henrik Rønningen er kvalitetsklubbettleiar i Sogn og Fjordane.
- Frank Roger Eldegard sit i valkomiteen i fotballkrins.
- Marie Helene Hollevik Brandsdal sit i styret i fotballkrins.

3.4 Sogn og Fjordane gymnastikk og turnkrets

- Sofie Moen sit i troppsutvalet i Vestland Turnkrets

For fleire detaljar kring tillitsverv på krins/fylkesnivå viser ein til gruppene si årsmelding

4. Representasjon

4.1 Sogn & Fjordane Fotballkrins

- Fotballstyret deltok med deltakar på kvalitetsklubbsamling i Bergen.

4.2 Norges Handballforbund Region Vest

- Styret deltok på kampoppsettmøte i Region Vest.

4.3 Sogn og Fjordane Skikrins

- Representant for skigruppa har delteke på haustmøte til skikrins.

4.4 Sogn og Fjordane Svømmekrets

- Leiar for Svømmegruppa har delteke på kretsmøte i svømmekretsen.

| | | | |
|--------------------|------------------------|-----------------|---------------------------|
| Postadresse | Besøksadresse | Telefon | Bank |
| IL Jotun | Jotunhuset, Øvre Årdal | | 3705 39 43471 |
| Postboks 65 | E-Post | Telefaks | Foretaksregisteret |
| 6882 Øvre Årdal | post@iljotun.no | | 975 702 308 |



4.5 Vestland idrettsting

- Leiar i idrettslaget har delteke på Idrettstinget for Vestland Idrettskrets

5. Møter, tilstellingar

5.1 Årsmøte

Årsmøtet for 2020 vart halde i Jotunhuset 12.03.2020

5.2 Møte i arbeidsutval og hovudstyre

Det er halde 12 ordinære møte i arbeidsutvalet og 8 møte i hovudstyret.
I tillegg har leiar og AU hatt fleire møte med ein del av gruppene.

5.3 Ærsteiknutvalet

Ærsteiknutvalet har hatt 1 møte for å innstille medlemmar til utmerkingar.

5.4 Anleggsutvalet

Det er ikkje halde ordinære møte i anleggsutvalet

5.5 Sportsleg utval

Det er halde 4 møte i sportsleg utval.

Postadresse

IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse

Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon**Telefaks****Bank**

3705 39 43471
Foretaksregisteret
975 702 308



6. SAKER

6.1 Saker handsama i AU og Hovudstyre

Av saker arbeidsutvalet og /eller styret har handsama dette året, kan ein nemna

- Arbeide med idrettsregistreringa
- Fordeling av tildelte timar i Årdalshallen
- Innføring av «Trygg på trening»
- Gruppene sin aktivitet og økonomiske status
- Riktig registrering når det gjeld tildeling av Lokale Aktivitetsmidlar (LAM)
- Fordeling av laget sin tildelte momskompensasjon
- Revidering av Klubbhandboka
- GDPR rutiner.
- Utsifting av køyretøy – Investering i nytt
- Oppretting av seniorgruppe for damer
- Oppussing leiarkontoret
- Prosjekt overbygg over inngangsparti
- Carport/overbygg til køyretøya våre
- Målrock
- Hummelpakka
- Jotun Stadion
- Medlemsverving
- Korona og handtering av smittevernsreglane
- Sponsoravtaler

Postadresse

IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse

Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon**Telefaks****Bank**

3705 39 43471

Foretaksregisteret

975 702 308

7. Prosjekt og saksomtale

7.1. Trygg på trening

Hovedstyret har i år og vedteke å sette i gang arbeide med innføring av «trygg på trening» i treningskvardagen vår. Dette programmet skal sørge for at alle våre utøvarar har ein trygg treningskvardag gjennom innføring av etiske retningslinjer og eit program for opplæring av alle våre tillitsvalgte. Dette programmet omhandler forebygging og håndtering av seksuell trakassering og overgrep innan idretten.

7.2 Nytt overbygg framside og oppussing kontoret

IL Jotun si seniorgruppe har i 2020 gjennomført eit prosjekt som inkluderer nytt overbygg på inngangspartiet og oppussing av leiarkontoret. Dette arbeidet har gitt klubbhuset eit flott løft da overbygget vil både beskytte inngangspartiet og gje ly til utøvarar som ventar på transport til konkurranse eller anna formål.

Kontoret har og vorte svært bra med nyoppussa vegger i lyse fine fargar.



Årets eldsjel Vestland Idrettskrins

7.3 Årets eldsjel Vestland Idrettskrins

Utmerkinga for Årets Eldsjel i Vestland vart offentleggjort på Idrettens Møteplass i Førde laurdag 24.10.20. Prisen gjekk til Ruth Laberg frå IL Jotun.

Styreleiar i Vestland idrettskrets, Nils R. Sandal, stod for offentleggjeringa. Han omtalte vinnaren som ei med breitt engasjement for klubben sin, på tvers av fleire greiner i idrettslaget. Laberg vart omtala som "gull verd" for IL Jotun, at ho ser alle og er ein miljøbygger. Ruth står på for at barna skal trivast, kjenne meistring, bli sett og få høve til å drive med allsidig aktivitet. For mange er Ruth ein mentor, der ho alltid prøver å hjelpe, og i over 20 år har ho brukt heile fritida si på idretten. Laberg har hatt mange verv i idretten, og idag er ho aktiv som trenar i symjing, kretsdommar i turn og symjing, og sit i styret i turn og fotball, i tillegg til arbeidsutvalet i klubben.

Ruth er ein flott representant for alle dei frivillige eldsjelene som gjennom året legg ned ein uvurderleg innsats for klubbane og utøvarane sine. Vestland idrettskrets gratulerer Ruth Laberg, IL Jotun, som vinnar av Årets Eldsjel-pris i Vestland fylke.

| Postadresse | Besøksadresse | Telefon | Bank |
|-----------------|------------------------|----------|--------------------|
| IL Jotun | Jotunhuset, Øvre Årdal | | 3705 39 43471 |
| Postboks 65 | E-Post | Telefaks | Foretaksregisteret |
| 6882 Øvre Årdal | post@iljotun.no | | 975 702 308 |

8. Økonomi

8.1 Resultat

Resultatet for 2020 er kr 808 392 (622 587)
Tal for 2019 i parentes.

Resultet er høgt da me i år har forsiktig med bruk av midlar på drift og investering grunna den usikre situasjon med korona. Samtidig har me fått god støtte for å kompensere for inntektsbortfallet. For året 2021 vil me nok sjå ein anna type utvikling dersom me får sette igang igjen med aktiviter på normalt vis.

8.2 Inntekter

Dei totale driftsinntektene, som utgjer tilskot, sponsorinntekter, dugnadsinntekter, treningsavgifter m.m., er for
år 2020 Kr 3 167 836 (4 326 468)
Tal for 2019 i parentes.

8.3 Sponsormidlar

Hovudstyret har motteke sponsormidlar frå :

Hovudsponsor



Ei spesiell og stor takk til hovudsponsorane våre.

Øvrige sponsorar IL Jotun

Hydro Aluminium Årdal Metallverk

Ei stor takk og til alle dei mange sponsorane som støtter direkte til gruppene. Når det gjeld desse viser me og til årsmeldingane frå dei ein skilde gruppene.

Det kan nemnast at fleire bedrifter bidreg på indirekte vis utan direkte støtte med kontantar. Dette er viktig for å sikre aktiviteten i laget.

Utansponsormidlane ville det vore uråd å halde oppe den store aktiviteten IL Jotun har i dag. Derfor ei stor takk til alle verksemdar og enkeltpersonar som har bidrege.

| | | | |
|--------------------|------------------------|-----------------|---------------------------|
| Postadresse | Besøksadresse | Telefon | Bank |
| IL Jotun | Jotunhuset, Øvre Årdal | | 3705 39 43471 |
| Postboks 65 | E-Post | Telefaks | Foretaksregisteret |
| 6882 Øvre Årdal | post@iljotun.no | | 975 702 308 |



9. Medlemstal


9.1 Medlemstal

Samla medlemstal pr. 31. desember 2020 er 1142 (1148)

Medlemmer 20 år og over: 693 (628)

19 år og yngre: 449 (520)

Tala i parentes er pr. 31.12.2019.



Medlemstalet er no stabilt på over 1000 medlemmar. Arbeidet med oppfølging av medlemskap har vore vanskelig å følgje opp i 2020 grunna korona. Målet for 2021 må vera å fortsette med dette fokuset og jobbe mot 1200 medlemmar med stort og smått. Dette vil me blant anna sørge for ved å ha fokus på dette i hovudstyremøta våre og ha stands på Torget og handlesenteret.

Klubben sitt gode arbeid og oppfølging av medlemsregisteret i NIF sitt verktøy «Klubbadmin» gir oss i dag eit godt organisert og korrekt register. Dette forenkler innkrevjing av medlemskontingent og gir oss god oversikt over medlemstala for idrettslaget.

Me ser elles at det kan vere utfordrande for eldre medlemmer å få organisert betaling gjennom min idrett og vil jobbe vidare med å få forenkla denne løysingen, blant anna gjennom høve til å ha fast årlig betaling i nettbank og oppfølging via stands på handlesenteret og liknande aktiviteter der ein kan få hjelp med betalinga.

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon
Telefaks

Bank
3705 39 43471
Foretaksregisteret
975 702 308




9.2 Aktivitetstal

Med utgangspunkt i antal ungar basert på skulekrinsen i Øvre ser vi at andelen som er medlemmar i Jotun og aktive er høgt. Kulla er små og dersom ein ser dette ut frå lagidrettane si side vil ein nok måtte jobbe enda meir for å halde aktiviteten oppe innan dei ulike gruppene. Ein vil og legge merke til at ein og ser eit visst frafall i eldre årskull som det må jobbast med framover.

Tabell viser antall ungar pr årskull ved Farnes Skule og antall ungar som er aktive i idrettslaget.

Her er det og verdt å merke seg at enkelte kull har med aktive fra andre idrettslag, for eksempel ÅTIL. Derfor vil vårt tal på aktive kunne vera høgre enn antall ungar på eit kull.

| Årstal | Farnes Skule | | | IL Jotun | | | |
|--------|--------------|-----|-----|----------|-----|-----|-----|
| | G | J | Sum | G | J | Sum | |
| 2013 | | 16 | 15 | 31 | 12 | 11 | 23 |
| 2012 | | 20 | 20 | 40 | 19 | 17 | 36 |
| 2011 | | 21 | 12 | 33 | 18 | 11 | 29 |
| 2010 | | 17 | 16 | 33 | 18 | 17 | 35 |
| 2009 | | 7 | 16 | 23 | 8 | 18 | 26 |
| 2008 | | 19 | 19 | 38 | 16 | 21 | 37 |
| 2007 | | 14 | 18 | 32 | 18 | 18 | 36 |
| 2006 | | 17 | 16 | 33 | 16 | 15 | 31 |
| 2005 | | 22 | 17 | 39 | 24 | 11 | 35 |
| 2004 | | 12 | 22 | 34 | 8 | 9 | 17 |
| 2003 | | 11 | 14 | 25 | 14 | 7 | 21 |
| Sum | | 176 | 185 | 361 | 171 | 155 | 326 |



10. Kurs og Utdanning

Basis trener utdanning

Har du hørt om Trenerløypa? Ikkje det. Trenerløypa er eit rammeverk for trenerutdanning i norsk idrett som beskriv mål, prinsipp, retningslinjer og kompetansekrav.


Ansvar for trenerutdanningen i norsk idrett ligg i dei respektive særforbunda, medan Norges Idrettsforbund er ansvarleg for rammeverket Trenerløypa.

Fleire særforbund er på veg til å sette kompetansekrav til dei som skal utføre og stå ansvarleg for aktiviteten.

For Jotun betyr dette at det meir enn nokon gong før blir viktigare å utdanne trenarar. Ei slik utdanning er med på og gje grunnleggande kompetanse til dei som drive aktiviteten, og ikkje minst sikre eit levedyktig og allsidig idrettslag.

MEN - Me treng fleire trenarar !

Er du interessert i utdanning? Ta kontakt med den aktuelle særgruppa og meld di interesse.



For detaljar rundt utdanning viser me til årsmeldinga frå dei respektive særgruppene.

11. Særforbund

IL Jotun er medlem av desse særforbunda:

- 11.1 Norges Fotballforbund
- 11.2 Norges Handballforbund
- 11.3 Norges Friidrettsforbund
- 11.4 Norges Skiforbund
- 11.5 Norges Svømmeforbund
- 11.6 Norges Styrkeløftforbund
- 11.7 Norges Motorsportforbund
- 11.8 Norges Gymnastikk og Turnforbund



12. ANLEGG

Postadresse

IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse

Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank

3705 39 43471
Foretaksregisteret
975 702 308



12.1 Jotunhuset

Jotunhuset er eit stort aktivum for laget vårt. Her gjennomfører me stadig forbedringar og oppussing slik at klubbhuset kan vere den samlingsstaden som me ønsker det skal vere for alle våre medlemmer. I 2020 vart fasaden påbygd med eit flott overbygg ved inngang, i den forbindelse vart og leiarkontoret pussa opp.

Takk til seniorgruppa som bidrege med verdifullt dugnadsarbeid og har gjennomført denne oppussinga. Elles har huset hatt lite utleige i år pga korona, det har vore stengt i tråd med smitteverns reglane store deler av året, men me har kunne nytta det i sommar-haust perioden når smittetrykket tilsa det

Hovudstyret takkar Gunnar og Laila Vassvik for arbeidet dei gjer i samband med utleige, reinhald og ettersyn av huset.

12.2 Skisenteret i Fardalen

Skisenteret er til stor glede for både aktive i skigruppa og skiglade årdøler elles. Medlemmane i skigruppa utfører vedlikehald spesielt i forkant og undervegs i vintersesongen. I tillegg blir det regelmessig køyrt skiløyper gjennom heile veka. Det er verdt å nemne at drifta av skisenteret baserer seg på inntekter frå sponsorar og dugnad. Jotun får kun eit svært *beskjedent kommunalt tilskot* til løypekøyning som på langt nær hadde vore nok til å dekke utgifter med skitrekke, løypekøyning samt skihytta. Ytinga frå idrettslaget er til allmenntytte for bygda, noko som me håpar alle set pris på. Det er og regelmessig drift av skitauet i akebakken til stor glede for barn og unge. Sjå elles årsmelding frå Skigruppa for meir informasjon om skisenteret.

12.3 Kommunale Idrettsanlegg

Idrettsanlegga i Årdal ber preg av stor slitasje. Jotun Stadion har ei grasbane med dårleg drenering noko som reduserer brukstida. Løpedekke er utslitt og kan knapt kan nyttast som treningsbane. Kunstgrasdekke skulle vore skifta våren 2018 men prosjektet er utsett til vår 2021. Anleggsgruppa har prioritert arbeide med rehabilitering av Jotun Stadion som første prioritet. Prosjektet inneberer rehabilitering av fotballbane, nytt dekke på løpebane og flomlys.

Det har vore eit år som og på anleggsfronten er prega av korona og stopp i mykje aktivitet, men på siste kommunestyremøte for året vedtok endelig kommunestyre at dei skulle starte med oppgraderinga av Jotun Stadion ved å bevilga 3mill kr til prosjektet.

Dette er dessverre ikkje nok for å fullfinansiere oppgraderinga og det må no avklarast om det er vilje til å stille opp med resten frå kommunen si side eller om idrettslaga vil verte bedne om å bidra i finansieringa av anlegget

- *Hovedstyret vedtok i eit møte i febr.2021 at opprinnelig vedtak på ombygging av Jotun Stadion vart erstatta med nytt vedtak som følger :*

Il Jotun sin innstilling til Jotun Stadion :

Det skal etablerast eit konkurranseanlegg for kastøvingar i friidrett på Årdalstangen stadion.

Løpedekke og område for tekniske øvingar på Jotun stadion blir oppgradert slik at det tilfredsstillir dagens krav.

Utskifting av naturgras til kunstgras på Jotun stadion.

Flomlys

Vedtaket har ein føresetnad om at alle punkt vert gjennomført samstundes

Det er no satt ned ei gruppe der idrettslaget er representert som skal jobbe vidare med dette. Gruppa har deltakarar frå kommune, politisk miljø og Årdal Idrettsråd

| Postadresse | Besøksadresse | Telefon | Bank |
|-----------------|------------------------|----------|--------------------|
| IL Jotun | Jotunhuset, Øvre Årdal | | 3705 39 43471 |
| Postboks 65 | E-Post | Telefaks | Foretaksregisteret |
| 6882 Øvre Årdal | post@iljotun.no | | 975 702 308 |



Fleirbrukshall i Årdal Kommune er det neste prosjektet som skal prioriterast frå Jotun si side. Turngruppa nyttar lokale i Agnitiohallen. Her er det for lågt under taket og svært dårleg ventilasjon. Det er vedtatt i Årdal Idrettsråd at det skal jobbast fram løysing med Basishall, skytebane og klatreanlegg i ny fleirbrukshall ved Årdal Vidaregåande skule. Dette vert eit spennande fellesprosjekt som ligger tett på skulemiljøa i Øvre Årdal. Prosjektgruppa jobbar no kontinuerlig med planer og avklaringer ifm denne fleirbrukshallen.

13. Arbeidsoppgåver i året som kjem

- God styring og kontroll på drift og administrasjon av idrettslaget
- Vedlikehold og oppfølging av medlemsregister på plattformen «Klubbadmin»
- Fortsatt dialog med Årdal Kommune med omsyn til avklaring av tredjesektor si rolle
- Fortsatt dialog med Årdal Kommune om kva plan dei ser føre seg med idrettsanlegga i kommunen, spesielt med omsyn til eigarskap og drift
- Vurdering av økonomisk modell med omsyn til treningsavgift
- Fordeling av inntektene i laget
- Sportsleg utval skal jobbe vidare med fokus på koordinering av tilbudet vårt
- Jobbe vidare med å utvikle basistreningstilbudet
- I samarbeid med Årdal Idrettsråd, Årdal Kommune og ÅFK få på plass finansiering og starte arbeidet med rehabilitering av Jotun Stadion.
- Arbeide vidare med planar om bygging av basishall i Årdal
- Førebu 100 års Jubileum - prosjektgruppe er sett ned
- Vurdering av transportbehov, planlegge for utskifting av Jotunbussen
- Kartlegge behov for vedlikehold og forbetringar i Klubbhuset
- Større revisjon og omorganisering av klubbhåndboka
- Oppfølging Reint Idrettslag
- Oppfølging GDPR
- Oppretting av innebandygruppe
- Innføring av «Trygg på trening»
- Innføring av IK system

14. AKTIVITET I SÆRGRUPPENE

Her syner vi til særgruppene sine årsmeldingar

15. IL JOTUN KLUBBHANDBOK

Klubbhandboka er klubben sitt overordna dokument og ein viktig del av Jotun sitt verdigrunnlag.

IL Jotun sine kjerneverdier er **Inkludering – Haldningsskaping – Meistring – Respekt**

Ein oppfordrar alle særgruppene til å bruke klubbhandboka aktivt i sitt arbeide.

16. SLUTTORD V/LEIAR

| Postadresse | Besøksadresse | Telefon | Bank |
|-----------------|------------------------|----------|--------------------|
| IL Jotun | Jotunhuset, Øvre Årdal | | 3705 39 43471 |
| Postboks 65 | E-Post | Telefaks | Foretaksregisteret |
| 6882 Øvre Årdal | post@iljotun.no | | 975 702 308 |



Korona

Dette ordet opp summerer mykje av det som har vore fokuset også i idrettslaget i 2020.

Me kom ikkje lenger enn til mars før me måtte stenge ned all aktivitet ifm regjeringen sin nedstengning av heile landet.

Brått vart all aktivitet stoppa og me måtte sørge for at alle utøvarane våre holdt seg heime og ikkje benytta idrettsanlegga til organisert trening. Etter kvart kunne dei trene kvar for seg, og ut i slutten av mai fekk me så smått starte opp igjen med trening etter strenge smittevernsreglar.

Dette har da prega alt me har foreteke oss og jobba med dette året og ført til at me har vore forsiktige og avventande på det meste av aktivitetar og investeringar.

I år har me satt fokus på eit program i regi av NIF som er kalla «Trygg på trening», dette programmet skal gjere trenarar og tillitsvalte i stand til å forstå grensene som skal vere mellom trenar og utøver. Dermed skal idretten betre kunne forebygge overgrep og trakassering i all aktivitet som idretten handterer. Dette er det viktig at me får inn i kvardagen vår slik at våre utøvarar har ein trygg og god treningskvardag i klubben vår.

Det har vore eit år som og på anleggsfronten er prega av korona og stopp i mykje aktivitet, men på siste kommunestyremøte for året vedtok endelig kommunestyre at dei skulle starte med oppgraderinga av Jotun Stadion ved å bevilga 3mill kr til prosjektet.

Dette er ikkje nok for å fullfinansiere oppgraderinga og det må no avklarast om det er vilje til å stille opp med resten og eller om idrettslaga vil verte bedne om å bidra i finansieringa.

Me vil i år igjen rette ei spesiell takk til alle seniorar som stiller opp når me ber om hjelp til noko. Deira innsats er imponerende og høgt verdsett av alle oss i laget.

Takk og til små og store sponsorar og alle støttespelarar som har gitt oss støtte til å halde eit breitt og godt tilbud for våre utøvarar.

Ei spesiell og stor takk til våre hovudsponsorar Sparebanken Sogn og Fjordane, Årdal Kraftlag og Årdalsnett.

Med sine sponsorbidrag utgjør desse bedriftene det aller viktigaste bidraget til Jotun sitt økonomiske fundament. I år stilte og Årdal Kommune og Hydro opp med støtte da koronaen stoppa alle inntekter, tusen takk til alle som stiller opp og støttar oss i desse tider og gjer det mogleg å komme i gang igjen når me kan starte opp utan økonomiske utfordringar

Idrottslaget Jotun ynskjer å vere ein viktig samfunnsaktør og ei positiv drivkraft i barne- og ungdomsarbeidet i Øvre Årdal i åra framover. Idrettslaget er heilt avhengig av trenarar, støtteapparat, leiarar og styremedlemmar og alle andre som arbeidar frivillig og brukar fritida si til å legge til rette for idrett og fysisk aktivitet.

Til slutt må me få gratulere Ruth Laberg som fekk årets eldsjelpris for Vestland Idrettskrins. Det var mange gode kandidatar men Ruth vart valgt ut som den gode representanten ho er for frivilligheita, ho er ein ekte eldsjel.

| | | | |
|--------------------|------------------------|-----------------|---------------------------|
| Postadresse | Besøksadresse | Telefon | Bank |
| IL Jotun | Jotunhuset, Øvre Årdal | | 3705 39 43471 |
| Postboks 65 | E-Post | Telefaks | Foretaksregisteret |
| 6882 Øvre Årdal | post@iljotun.no | | 975 702 308 |



Vår dato
17.01.21

Side 15 av 15
Vår referanse
Hovudstyret

Takk til alle som på ulike måtar har jobba for Idrottslaget Jotun i 2020!

Øvre Årdal, 11 mai 2021
Hovudstyret IL Jotun

Arnt Stølen Moen
Leiar

Kjetil Felde
Nestleiar

Mona Nytun
Økonomi leiar

Per Arne Elgsaas
Gruppekontakt

Mads Gruben Breivik
Miljø og trivsel

Ruth Laberg
Sekretær

Henrik Rønningen
Leiar Fotball

Gunnar Christian Huse
Leiar Handball

Stian Bye
Leiar Turn

Børre Øvstetun
Leiar ski

Per Inge Bale
Leiar Friidrett

Anne Ølnes Hestetun
Leiar Styrkeløft

Marianne Sundal
Leiar Allidrett

Ingeborg Hjelle
Leiar Svømming

Håvard Nilsen
Leiar Motorsport

Fredrik Mathisen
Leiar Innebandy

Arne Håkon Laberg
Leiar Senior

Vedlegg:

- Økonomirapport 2020
- Revisjonsberetning for 2020 frå kontrollutvalet

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank
3705 39 43471
Foretaksregisteret
975 702 308